



Super innsats i Sør Cup! Martin nr.2 f.v. og Sander nr.2 f.h. framme.

**G 13-laget til Trio har denne veka delteke på den store fotballfestivalen Sør Cup i Kristiansand. Laget gjorde svært godt innsats, og dei spela seg fram til B-finalen. Der møtte dei Nordre Holsenøy, og Triogutane, med Martin H. Arnesen og Sander Simensen på laget, vann like godt 3 - 1 og sikra seg den store pokalen.**

Sør Cup har som mål å verta ei av dei største fotballturneringane for aldersgruppa i Skandinavia, og dei har også som mål å gje deltakarane Norges beste cupoppleving både på og utanfor banen. Fotballfestivalen vert arrangert av dei 3 fotballklubbane Fløy, Vinbjart og Donn i samarbeid med Dyreparken og Sparebanken Sør.

Trio-laget kom til finalen etter flott innsats i innleiingsspelet. Deretter vann dei 4 - 0 over Hånes 1 i kvartfinalen og 2 - 1 over Våg i semifinalen. Begge desse laga spelar i 1.divisjon for aldersgruppa på Sørlandet.

Vi gratulerer Sander, Martin (13 år i dag) og resten av Trio-gutane med den flotte innsatsen, og de kan lesa meir om det i fleire saker på [IL Trio si heimeside](#).

Tekst og nett: Thor Inge Døssland  
Foto frå IL Trio si heimeside.